



Magiske bokstavar

Charlotte har laga ein magisk V med fem etterfølgjande tal:



Det er ein Magisk V, for når du legg saman tala i kvar «arm» får du den same summen.

Arne teikna ein slik Magisk V:



Charlotte sa: «Det er eigentleg den same som min Magiske V!»


Kva trur du Charlotte meinte med dette?

- Kan du finne alle moglege Magiske V-ar som bruker tala 1 til 5 som er ulike frå Charlottes?
- Korleis kan du vere sikker på at du har funne alle?
- Kva skjer om du bruker tala frå 2 til 6?
- Eller frå 3 til 7?
- Eller 4 til 8...?


Magiske bokstavar

Charlotte og Arne teikna nokre fleire bokstavar, for å sjå om dei kunne gjere dei magiske; dvs. å bruke etterfølgjande tal for å lage like summar på «armane».


Magisk L?



Magisk N?



Magisk W?



- Utforsk nokon av desse magiske bokstavane på same måte som du utforska den magiske V.
- Kan du finne nokon generelle konklusjonar?